

Planleggjarane i Ørsta hos Rotary:

– Sjølina er ei klam hand over sentrumsutviklinga

– Arbeidet med å erstatte sjølina med alternativ trase for E39 har høg prioritet i planarbeidet. Men dette er eit arbeid som vil ta tid, hevda planleggjarane Gro Anita Bårdseth og Gunnar Wangen på møtet i Ørsta Rotaryklubb denne veka.

Medlemmene i Ørsta Rotaryklubb stilte spørsmål om kvifor sjølina for E39 gjennom Ørsta sentrum enno var premissleverandør når sentrumsutviklinga skal diskutert. Gunnar Wangen peikte på at reguleringsplan for sjølina er eit juridisk bindande dokument, og sidan det ikkje er vedteken ny trase for E39, så må ein halde seg til eksisterande plan.

Ny kommunedelplan i 2012

Plasseringa av sjølina i gjeldande planverk har vore ei klam hand

over sentrumsutviklinga, vedgjekk dei to planleggjarane. Arbeidet med ny kommunedelplan har derfor høg prioritet. Når ein får avklare den framtidige plasseringa av E39 vil dette opne for nye mulegheiter for sentrumsplanlegginga. Det er venta at ny kommunedelplan blir vedteken i 2012.

Nasjonal overstyring

I lys av den seinare tids overstyring av kommunale vedtak, vart det stilt spørsmål om i kva grad vi har lokalt sjølvstyre. Bårdseth og Wangen peikte på at det frå nasjonalt hald er bestemt at både regionale og nasjonale mynde skal ha rett til å "setje ned foten" når lokale vedtak ikkje er i samsvar med nasjonale føringar. Dette er ein rett dei også nyttar.

Førre veke vart det likevel opna for auka sjølvstyring med omsyn til inngrep i strandsona. Dette har tidlegare vore regulert av eit einsarta nasjonalt regelverket. No har landet blitt delt inn i tre ulike soner, der bla Oslo ligg i den restriktive



sona, medan Ørsta har blitt plassert i den mest liberale sona.

Torvmyrvegen ikkje gløymt

Lokalpresident Thor Arne Sørheim spurde kvifor ein ikkje kan få gjennomført saka med Torvmyrvegen når ein no likevel får regulert

det nye flyplasskrysset. Wangen presiserte at ein ikkje med dette gløymer saka, men får gjennomført dei sakene som det ikkje er registrert motsegner på frå fylket. Dette er god og effektiv planlegging, hevda Wangen.

Geir Høydalsvik



Gunnar Wangen og Gro Anita Bårdseth meinte at sjølina som alternativ for E39 har vore ei klam hand over sentrumsutviklinga i lang tid.

Engasjerte medlemmer i Ørsta Rotaryklubb meinte det var på høg tid å få fjerna sjølina gjennom sentrum som alternativ for E39. Fv. Nils Taklo, Gro Anita Bårdseth og Thor Arne Sørheim.